



Referat frå FAU-møte onsdag 20.januar Sæbø skule kl. 1800

Desse møtte:

Solveig Elvik, Kjetil Oen, Grethe Jørgensen, Gunnhild Soltveit, Ingvill Taule

Meldt fråfall: Jon Halstein Tjore og Evelyn Askeland

Sak 1:

Godkjenning saksliste: Godkjent med merknad: Kjetil Oen har 1 sak ekstra angåande 17.mai. Ingvill Taule har eit innspel under ymse.

Sak 2:

Solveig Elvik har innspel til ordensreglement på Sæbø skule: Reglane er omfattande og i noko grad negativt formulert. FAU diskuterer dette og kjem fram til at FAU fremmar ynskje om større fokus på eit positivt læringsmiljø på Sæbø skule. Ordensreglement bør gjenspegle dette med vekt på positive og konkrete formulerte reglar med mål å fremje positivt samspel barn imellom og mellom born og vaksne. FAU ynskjer å legge denne saken fram i SU / SMU, med forespørsel om ein revisjon av gjeldande ordensreglementet slik at det står i samsvar med det Utdanningsdirektoratet viser til( sjå lenker).



<http://www.udir.no/Regelverk/Finn-regelverk-for-opplaring/Finn-regelverk-etter-tema/Laringsmiljo/Ordensreglement-Udir-8-2014/3-Hva-er-formalet-med-ordensreglementet/>

<http://www.radoy.kommune.no/ordensreglar.307453.nn.html>

Dette framlegget er einstemmig vedtatt i FAU. Saka vert sendt vidare til SU / SMU.

Sak 3: Kommuneplan for idrett, friluftsliv og næringsmiljø (frist for høyringsplan 01.02-16) FAU diskuterte prioriteringar i uteområdet til Sæbø skule. Grethe skriv innspellet og sender ein høyringsuttale til kommunen( sjå eige skriv).

Når det gjeld punkt om innspel til uteområdet på skulen(budsjett tildelt for 2016-19, gjeld den same uttalen frå FAU i forhold til dette punktet.

Ymse:

Sak frå Ingvill Taule: Foreldre i 3.klasse har tatt opp mobilbruk på skulen. Mange elevar har med seg mobilar på skulen og somme av desse vert brukt i friminutta. Det er reglar for mobil på skulen ( sjå ordensreglement). FAU diskuterer generelt omkring mobilbruk i skulen og kjem fram til FAU fremmar forslag om at ein kan lage mobilhotell jf. slik det er på ungdomsskulen på Radøy. Saka sendes vidare til SU / SMU.

Smashballstativ: FAU etterlyser oppsetting av stativ i uteområdet. Smashballar vart gitt i julepresang til elevane frå FAU i 2014.

Sak frå Kjetil Oen: Styret i skulemusikken har avgjort at 2016 blir siste året dei vil bidra i arbeidet rundt 17. mai-arrangementet på Sæbø skule. FAU må diskutere planen vidare; om FAU skal fortsette å arrangere, om ein skal finne andre å samarbeide med, og da evt. om ein skal engasjere oss meir i årets arrangement for å sikre kontinuitet framover.

Representantane FAU er einige i at FAU bør engasjere seg i større grad i årets arrangement for å sikre kontinuitet. Grethe og Kjetil er i årets 17.mai komité og tek ansvar for dette frå FAU si side.

Forslag til tema til diskusjon i neste møte for FAU: Skal me arrangere eit bygdemøte for idédugnad? Korleis arrangere 17.mai dei neste åra i Sæbø sokn? Skal FAU med vararepresentantar vere hovudansvarlege?

Heimeside for Sæbø skule: FAU ynskjer at alle referat frå møta vert lagt ut på heimesida til skulen, slik at informasjonen når ut til alle føresette. FAU har ved alle møter i skuleåret 2015/2016 lagt dette fram som eit ynskje i referata, men kan ikkje sjå at dette har blitt gjort av skulen som er ansvarleg for å legge ut informasjon på nettsida. Saka vert sendt vidare til SU/SMU, med framlegg om eit ynskje om å diskutere korleis ein kan få løyst dette.

Referent

Solveig Elvik